



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Aktivitetsleiar "Aktiv sommar i Meland"

Stillingsinformasjon

Sommarjobb som aktivitetsleiar for "Aktiv sommar i Meland" for barn og ungdom som skjer frå 2.juli til 31.juli. Stillinga er 100 % som utgjer 37,5 timar i veka og føregår på dagtid.

Arbeidsplass

Meland Frivilligsentral er ein kommunaleigd sentral som er plassert under tenesteområdet kultur.

Arbeidsoppgåver

Planlegge praktisk tilrettelegging og koordinering av aktivitetane. Ha ansvar for bl.a. kven som deltek frå dag til dag, oppsyn med transport til og frå aktivitetane, om nokon av deltakarane har spesielle behov som må takast hensyn til, hjelpe med gjennomføringa av sjølve aktivitetane, og ha ansvar for gjennomføringa av nokon av aktivitetane. Være kontaktperson for foreldra etc.

Kvalifikasjonskrav

Søklarar må vera fylt 18 år, og ha erfaring med arrangement og gjennomføring av arrangement. Det er ein fordel at du er lokalkjend og at du har erfaring med barn gjennom organisasjonsliv eller jobb.

Vi krev politiattest.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 08.04.2018

Utlyst dato 21.03.2018

Vårref

30/18

Kontaktperson

Nina Randal, Dagleg leiar, tlf: 56 17 10 66, nina.randal@meland.kommune.no